

23 SEPT 2014

NOTAT

Notat nr.: 001

Oppdragsnr.: 5124974

Til: Offentlege Høyringspartar
Frå: Øystein Skofteland på vegne av Modalen kommune
Dato: 2014-09-08

Endringar i høyringsframlegg til kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel for Modalen kommune vart vedteke lagt til offentleg ettersyn 19. juni 2014, med høyringsfrist 20 september

I sakspapira frå møtet i formannskapet står det følgjande:

- Formannskapet konkluderte med at planframlegget skulle slik endrast før den vert sendt på høyring:

- For å legge til rette for at arealet nord for Mostraumen skal kunne utviklast som ein attraksjon langs fylkesvegen, ønsker formannskapet at ein endrar arealformålet frå LNF til framtidig grøntstruktur med krav om regulering. Dette for å sikre at dei natur- og kulturhistoriske verdiane som ligg her kan verte formidla og gjort tilgjengelege for alle.

Dette punktet vart ikkje innarbeidd i planen som vart sendt ut på høyring. Dette notatet vil legge fram kva endringar som er gjort i plandokumenta slik at de som høyringspart kan ta stilling til denne endringa. Grunna at storleiken på plandokumenta gjer at dei ikkje enkelt kan sendast per e-post så vonar me at dette notatet gir ein god nok omtale av endringa. Om de ønsker dei reviderte plandokumenta tilsendt så skal de sjølvsagt få det.




Figur 1: Kart over Mostraumen

Endringa inneber at eit areal mellom nordbreidda av Mostraumen og fv569 vert endra frå LNF-område til framtidig friområde (SOSI kode 3040). Det er også lagt inn ei omsynssone av typen gjennomføringssone, merka med H810_9, med krav om reguleringsplan. Det er lagt inn retningslinjer som formidlar kommunen sine mål for utvikling av området.

Me har vurdert at endringa ikkje fell under kravet til konsekvensutgreiingar ettersom det ikkje gjeld nytt areal som opnar for bygging.

Endringar i planmaterialet:

I plankartet er det lagt inn eit friområde på 21daa og plankartet er påført ein revisjonsdato: 26.08.2014.
 Endringa syner i figur 2.



Figur 2: Nytt friområde ved Mostraumen


Planomtalen er endra i avsnitt 5.2 på side 107. Dokumentet er datert med 3.september. Endringane er uteheva i figur 3.

5.2. NOTTVEIT OG MOSTRAUMEN

Mostraumen har fleire element som gjer den til eit område med stort potensiale for å etablere ein attraksjon for tilreisande og fastbuande. Her er helleristningar i fjellet og landskapet er vakkert og dramatisk. I tillegg fortel området om dramatiske geologiske prosessar og straumen har i lang tid spela ein rolle som transportare inn mot Modalen.

Modalen kommunen ønskjer å legge til rette for at Mostraumen kan etablerast som eit friområde med informasjon og enkle fasilitetar. Området nord for straumen er difor lagt inn i kommuneplanen som framtidig friområde med krav om regulering.

Ved Nottveit og vest for Mostraumen er det lagt inn eit LNF område der spreidd hytte-



Figur 23: Utsnitt av plankart ved Nottveit/Mostraumen

Figur 3: Utsnitt frå revidert planomtale

Føresegner og retningsliner er og datert med ny dato 3. september. Føreseggnene er uendra, men det er lagt til eit punkt 3 i retningslinene på side 15 som gjeld for det aktuelle arealet. Desse er utheva i figur 4.

4. GRØNTSTRUKTUR PBL 11-7 NR 3.	5. LNF-OMRÅDE PBL § 11-7 NR 5.
<p>4.1.1. Formålet gjeld område sett av til grøntstruktur i bustadområde, friområde og park, jf. pbl § 11-7 nr. 3.</p> <p>RETNINGSLINER FOR GRØNT-STRUKTUR</p> <ol style="list-style-type: none">1. Park er sentrumsnære grøntområde der ein kan etablere tiltak for å sikre ålmenn ferdslle.2. Friområde er naturområde med særleg verdi for ålmenta. Ein kan legge til rette med enkle tiltak som toalett etc.3. Friområdet nord for Mostraumen, merka (H810_9) i plankartet skal inngå i ein samla reguleringsplan med hovudformål å sikre at dei natur- og kulturhistoriske verdiane som ligger her kan verte formidla og gjort tilgjengelege for alle.	<p>5.1. LNF-OMRÅDE</p> <p>5.1.1. Formålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemد basert på garden sitt ressursgrunnlag. Heimel: Pbl § 11-7 nr. 5 bokstava.</p> <p>Tiltak for landbruket skal plasserast slik at dei passar best mogleg inn i kulturlandskapet, under dette <u>innpassing</u> til eksisterande <u>bygnadsmiljø</u>. Løyve til oppføring av bustad knytt til landbruket skal berre tillatast når det vert dokumentert at dette er naudsnyt av omsyn til tradisjonell landbruksdrift på eideomen, og det frå før ikkje er meir enn ei bueining på eideomen. Nye bustader skal plasserast i tilknyting til gardstunet.</p> <p>Heimel: Pbl § 11-11 nr. 1.</p>

Figur 4: Endringar i retningsliner

Me håper at dette notatet er tilstrekkeleg som grunnlag for dykk for å skrive innspel til planen. Ta kontakt om de ønskjer dokumenta tilsendt.

Bergen, 2014-09-08

Øystein Skofteland, Norconsult as.
På vegne av Modalen kommune